



## Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
20/71987-3

Dykkar referanse:  
23/1178 - 1 /  
ARIRIN

Vår dato:  
15.07.2023

### Uttale til mindre endring av Kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes – Vik og Aure skule – frå offentleg formål til bustad og friområde

Vi viser til brev av 30.06.2023.

#### Saken gjeld

Formålet med planendringa er å endre formålet offentleg formål til bustadformål som følgje av at skolane Aure og Vik skal slåast saman til ny skule på Bakkeøyane.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonale transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

#### Våre innspel

Den politiske behandlinga av saken vektlegg behovet for å kunne utvikle sentrumsnære areal, og at gjeldande formål gir ein liten fleksibilitet. Kommuneadministrasjonen vurderer at formålet bustad er hensiktsmessig da det er eit behov for sentrumsnære bustadtomter, men

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

avsluttar likevel med at ein er open for innspel til alternativ arealbruk enn bustad. Vi ser det som viktig at ein gjer ei grundig vurdering av kva ein vil bruke areala til, der ein synleggjer både behov og konsekvensar for arealbruken.

Etter plan- og bygningslova § 4-2, jf. KU-forskrifta, skal nye arealformål i kommuneplanens arealdel utgreiast. Forholdet til dei *statlige planretningslinjene for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging* vil vere sentralt. Viktige tema som transportbehov, trafikktryggleik, framkome for alle trafikantgrupper vil vere viktig å utgreie.

### **Konklusjon**

Gitt at endringa av formålet er frå offentleg formål til bustad er det noko vi truleg ikkje vil motsette oss da områda ligg sentrumsnært og i eksisterande bustadområde. Vi viser likevel til innspela over, og ber om at nødvendige utgreiingar blir følgt opp i det vidare arbeidet med planendringa.

Transportforvaltning midt

Med helsing

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Sykkylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
23/1178-1/ARIRIN	30.06.2023	91527/2023/KOMMUNEPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	16.08.2023

## Sykkylven kommune - kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes - Vik og Aure skule - fråsegn til mindre endring

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld mindre endring av kommuneplan for Sentrum-Ikornnes, planendringa inneber endring frå arealformål offentleg formål til bustadformål for områda for Vik skule og Aure skule.

### INNSPEL TIL PLANARBEIDET

#### Samferdsel

Områda det er foreslått å endre arealformål frå offentleg formål til bustad ligg nært andre område som i allereie vedtatt kommunedelplan er avsett til bustadformål. Vi har ikkje merknader til arealbruken som foreslått.

Det er ingen automatikk i at det kan bli etablert nye kryss eller avkøyrslar langs fylkesvegnettet for område som blir avsett til utbygging i kommunedelplanen. Tilkomst til offentleg vegnett må vurderast i reguleringsplan eller ved behandling etter veglova. I forbindelse med den mindre endring av kommunedelplanen kan kommunen med fordel synleggjere om dette blir ei utfordring for dei områda endringane gjeld, til dømes om kommunale kryss frå fylkesveg er utfordrande og bør utbetrast. Dette vil også gjelde dersom utgreiingane for eit gitt område har synleggjort konkrete utbetringsbehov for å sikre nødvendige omsyn til trafikktryggleik.

Eventuelle rekkefølgekrev vil gjelde for tiltaket sitt influensområde, inkludert trygge ganglenker, busshaldeplass og trygge kryssingspunkt over fylkesvegen.

For området ved Aure skule som skal endrast gjer vi merksam på at området er råka av vegtrafikkstøy frå fylkesveg 5916, og det må bli gjort vurderingar knytt til om friområde er ønskeleg så nær fylkesvegen med tanke på støy og tryggleik.

### **Barn og unge**

Det kjem fram i oversendinga at kommunen har med i si vurdering barn og unges bruk av området i dag, og at denne vurderinga må vere med i ei framtid bruk av området også. Vi rår til at kommunen bruker sin barn- og unges representant i dette arbeidet.

### **KONKLUSJON**

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen



SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Fråsegn - Sykkylven 18/151 mfl - mindre endring - Kommunedelplan for sentrum - Ikornnes - Vik og Aure skule

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Vik og Aure skule er avsett til offentleg føremål i kommunedelplan for sentrum – Ikornnes. Men den nye sentrumsskulen på Bakkeøyane er det ikkje lenger behov for desse skulene, ei heller areala avsett til offentleg føremål.

Sykkylven har behov for fleire sentrumsnære bustadområde og ønskjer å endre arealføremåla frå offentleg føremål til bustadføremål for begge desse areala. Kommunen vil gjennomføre dette som ei mindre endring av kommunedelplanen, jamfør plan og bygningslova § 11-17. Endringane gjeld berre for desse areala og er ikkje ein revisjon av heile kommunedelplanen.

For Vik skule er det foreslått å endre om lag 3 dekar til friområde og om lag 9 dekar til bustadområde. Vi rår til at ein omfattar heile grusbana som friområde, slik at ein eventuelt kan vidareføre dagens bruk av bana i framtida.

For Aure skule er det foreslått å endre om lag 7,7 dekar til bustadføremål og 3 dekar til friområde. Friområdet omfattar areal nytta til akebakke på vinteren. Nærleikepass kan sikrast ved regulering av området.

Vi har ikkje vesentlege merknader til ønske omdisponering utover dette.

Med helsing



Frida Farstad Brevik (e.f)  
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
STATENS VEGVESEN  
NVE VEST

Postboks 2500  
Postboks 1010 Nordre Ål  
Naustdalsvegen 1B

6404 MOLDE  
2605 LILLEHAMMER  
6800 FØRDE

---

**Emne:** saksnr:2023/1178

**Til:** Postmottak <postmottak@sykkylven.kommune.no>

**Sendt:** 05.07.2023 11:32:25

**Fra:** Bengt Lorentzen <bengt\_lorentzen1950@hotmail.com>

**[ADVARSEL]** Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Viser til brev ad sak PS-52/23 endring av arealbruk for Aure skule.


Vi har ingen innvendinger mot forslaget som er framlagt.

Men vi som naboer på nedsiden av Aure skule er bekymret for støttemuren. den er i en elendig forfatning. Betongen smuldrer helt opp og faller av i store flak, armeringen ligger åpen og ruster.

Dette bør utredes skikkelig av kyndige personer.

Mvh Bengt & Solveig Lorentzen

Se vedlagte bilder.





[358155307\\_805472184468204\\_9123567686432642224\\_n.jpg](#)



 [358350765\\_296670806093932\\_3139067138185064410\\_n.jpg](#)



[358172583\\_2547734788722270\\_6160883372498576966\\_n.jpg](#)



 [357601572\\_1005835684187484\\_4272705520500740945\\_n.jpg](#)



[358042729\\_992036185259849\\_4601266893136355442\\_n.jpg](#)



 [358412395 173970089010113 188219900724806551 n.jpg](#)



[358394990\\_226580263581081\\_5735805035639840065\\_n.jpg](#)



Virusfri.[www.avg.com](http://www.avg.com)

[DAB4FAD8-2DD7-40BB-A1B8-4E2AA1F9FDF2](#)